

Prestmarka barnehage

V/ L-amu

Manger 25.11.22

Svar på høyring, kommunedelplan for oppvekst 2023-2034, frå L-amu Prestmarka barnehage – Alver kommune.

Prestmarka barnehage har hatt kommunedelplanen for oppvekst opp blant sine tilsette og drøfta i L-AMU gruppa. Dei tilsette i Prestmarka barnehage er ein engasjert og pliktoppfyllande gjeng som er glade i jobben sin, og har eit inderleg ønske om å gjera ein god jobb.

Kommunedelplanen har mange flotte tankar og gode ord, det er ikkje vanskeleg å væra ueinig i tankane, men det er ikkje mykje hjelp i ord utan handling. Opplevinga ute i første linje er i høg grad at ein ikkje strekk til. Stadig nye og fleire planar som fortel korleis ein skal jobbe ideelt sett er langt frå den daglege drifts kvar dag. Dette produserer tilsette som opplever seg mislukka og lite tilfredsstilte i korleis dei utfører arbeidsoppgåvene. Leiarar opplever det vanskeleg å motivere dei tilsette ut frå dei rammene ein står i høve til krava.

Dei fine tiltaka og satsingane som ein vil sette i verk gjennom kommunedelplanen lar seg dessverre ikkje gjere innanfor dei rammene som den ordinære drifta har pr. i dag.

Me vil peike på fire viktige moment for oss, primært viser me til kapittel **5.3 Nasjonale og kommunale målsetjingar - Barn og unge Alle barn fortener ein god start :**

Bemanning / dekking av plantid.

Ser med glede at ein vil innføra dekking av plantida til pedagogane slik det var i gamle Radøy. Dette er ei føresetnad for at pedagogane skal få gjort jobben sin. Fire timar plantid er eit minimum og det har vore den same satsen alt for lenge, trass auka krav til pedagogane. Lengre opningstid og betalt pause har gjort at personaltettleiken er mindre gjennom dagen og tida med full bemanning er redusert til 5 timar pr dag- 25 pr veke. Det blir innanfor denne tida plantida må takast ut, så for avdelingar med ein pedagog vert full personaldekking i 21 timar pr veke, avdelingar med 2 pedagogar, 17 timar. Det er mykje kvalitativt arbeid som skal dekkast innanfor desse timane i tillegg til anna drift. I tillegg kjem interne og eksterne møter, samt pauseavvikling som "stjel" tid frå borna.

Mattilbod i barnehagen.

Det er dei færreste barnehagar / avdelingar som kan med rette følgje dei retningslinjene det er kravd for å servere mat. At Alver kommune vil sjå på retningslinjene og få felles retningslinjer er positivt, men urealistisk å forvente innanfor eksisterande rammer. Dette er nok eit eksempel på arbeid som stel tid / ressursar frå det pedagogiske arbeidet med borna. Det tek tid med innkjøp, sette på plass varer, tilberedning og rydding til måltida. Viser til dei 21 /17 timane ein er fullt bemanna. Dei tilsette har heller ingen kunnskap / kompetanse i matlaging og ernæring. Samstundes er det mange kjøkken rundt i barnehagar / avdelingar som ikkje held krava for matserving. Forskriftene om eit sunt kosthald i barnehagane lar seg ikkje kombinere med rammene. Det vert enkle løysingar som sjeldan held kosthald råda.

Tidleg innsats.

Me er svært einig i intensjonane rundt tidleg innsats, men opplever at det vert vanskeleg å følgje opp innafor det ordinære tilbodet. I vår profesjon opplever me å ikkje vert høyrte på bakgrunn av våre vurderingar og erfaringar. Det er større vanskar å få hjelp til dei sårbare borna som treng ekstra oppfølging. Tiltak som vert prioritert er rettleiing og gjerne med ting ein veit frå før, men ein treng fleire som kan jobbe direkte med oppfølging på borna. Korona epidemien gav positive resultat ved at tilsette var tettare knytt til borna gjennom dagen – opningstidene var kortare – borna fekk betre og tettare oppfølging får dei tilsette. Fleire vaksne til å gi borna ein god start i live, vil gjere dei berte rusta til å møte livet seinare.

Mentor.

Det er fint at det vert prioritert at rektorar får mentor ved tilsetting, men det hadde ikkje vert feil om styrarar fekk det same.

Kristin Smith

Styrarassistent Prestmarka barnehage

For L-amu Prestmarka baarnehage